

Telemark Mållag
ved Sigbjørn Hjelmbrække
Bergenvegen 40
3802 Bø i Telemark

8. februar 2021

Vestfold og Telemark fylkeskommune
post@vtfk.no

HØYRINGSFRÅSEGN OM FRAMLEGGET TIL KULTURSTRATEGI FOR VESTFOLD OG TELEMAR FYLKESKOMMUNE

Me viser til invitasjonen til å sende inn høyringsfråsegner i høve utarbeidinga av *Vestfold og Telemark – der mennesker møtes / Kulturstrategi 2021–2024*.

Bakgrunn for våre framlegg om tilleggsformuleringar

Utgangspunktet har vår fulle støtte, når det blir sagt på s. 3 at Meld. St. 8 (2018–2019) *Kulturens kraft* ligg til grunn for denne kulturstrategien. Dei overordna kulturpolitiske måla frå den stortingsmeldinga blir sitert, m.a. om eit levande demokrati der alle er frie til å ytre seg, og eit fritt og uavhengig kulturliv som styrkjer norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggjande kulturberarar. Språk som grunnleggjande kulturberar, altså.

Me finn også grunn til å gratulere fylkeskommunen med å ha fått på plass Språkbruksplan 2021-2022, der den nye regionale forvaltningseininga tar ansvar for det språklege mangfaldet i Vestfold og Telemark. Denne planen er også svært relevant i samanheng med saka om ein felles kulturstrategi for den nye fylkeskommunen.

I dei språkpolitiske måla som er fastsette i planen heiter det m.a. slik:

Vi skal gjennomføre enkle tiltak slik at det òg skal vere greitt å vere nynorskbrukar i eit fylke der majoriteten av kommunane har valt bokmål eller er språknøytrale. Det skal vere enkelt å velje nynorsk.

Vi skal kommunisere med innbyggjarar, kommunar og samarbeidspartnarar både på nynorsk og på bokmål. Innbyggjarar, kommunar og samarbeidspartnarar som skriv på nynorsk, har rett på og skal få svar i den same målforma som dei sjølve har brukt.

Bakgrunnen for dette er formulert slik:

Det språklege mangfaldet i Noreg er ein nasjonal verdi, og Vestfold og Telemark fylkeskommune kjenner ansvaret sitt for å ta vare på dette. Det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsken, som er den minst brukte målforma. Historisk har Telemark fylke hatt ein lang nynorsktradisjon, spesielt i den midtre og øvre delen av Telemark, men det er aktive nynorskbrukarar i heile fylket. Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for å ta omsyn til alle språklege regionar innanfor grensene i fylkeskommunen. Når Vestfold og Telemark no er

eitt fylke, vil tyngda av bokmålsbrukarar bli større. Vestfold og Telemark fylkeskommune har eit ansvar for å ta vare på den nynorsktradisjonen som finst.

Så følgjer mange gode tiltak for å setje dette ut i livet, og leiaransvaret i alle sektorar og verksemder blir understreka i tiltaksbeskrivinga av planoppfølginga.

I lys av dette meiner me at tanken om språk som kulturberar og fundament for demokrati, ytringsfridom og kulturfridom også må vere ein viktig del av ein kulturstrategi for fylket. Språk handlar ikkje minst om kven som skal få tilgang til å få røysta si høyrte i meiningsdanning i og styring av Vestfold og Telemark. Det handlar om korleis me legg til rette for at alle skal få sin rettferdige del av fellesmakta. Dette er det sagt mykje bra om i Språkbruksplanen, både i formuleringane om klart språk og altså om tiltaka for å satse særleg på å fremje nynorsken, som det minst bruka norske språket i det geografiske ansvarsområdet til fylkeskommunen.

Språket er ikkje berre grunnleggande for demokrati- og maktfordeling. Det er også den mest grunnleggande kulturytringa, og derfor er det også meir tverrsektorielt enn det meste. I samsvar med dette har me framlegg om nokre tilleggsformuleringar. For ordens skuld vil me understreke at ingen av framlegga er bokmåls-ekskluderande. Det reknar me heller ikkje med at den vedtekne Språkbruksplanen er.

Framlegg

1. Under «2.1.1. Mål» – nytt kulepunkt: «Vestfold og Telemark har et viktig ansvar for å styrke nynorsk skriftkultur i sitt område, lokalt og regionalt.»
2. Under «2.1.2. Tiltak» – nytt kulepunkt: «Opprettholde og styrke nynorsk skriftkultur i samsvar med norsk lov og forskrift, og fylkeskommunens egen språkbruksplan.»
3. Under «2.2.1. Mål» – nytt kulepunkt: «En fylkeskommune der det skal bli lettere å bruke nynorsk.»
4. Under «2.2.2. Tiltak» – nytt kulepunkt: «Arbeide aktivt for å støtte økt bruk av nynorsk.»
5. Under «2.3.1.Mål» – nytt kulepunkt: «Økt kunnskap om nynorsk skriftkultur.»
6. Under «2.3.2. Tiltak» – nytt kulepunkt: «Legge større vekt på dokumenterte kunnskaper og ferdigheter i nynorsk ved lærertilsetninger i norskfaget i videregående skoler.»
7. Under «2.4.1. Mål» – nytt kulepunkt: «God tilgang til arenaer som kan hindre domenetap for nynorsk skriftkultur.»
8. Under «2.4.2. Tiltak» – nytt kulepunkt: «Støtte prosjekter som bidrar til å styrke nynorsk skriftkultur.»
9. Under «2.5.2. Tiltak» – nytt kulepunkt: «Støtte frivillige organisasjoner i å opparbeide nye formidlingsplattformer for nynorsk skriftkultur.»

10. Under «2.6.1. Mål» – nytt kulepunkt: «Kulturelle særpreg for regionen er sentrale i internasjonal kulturutveksling.»
11. Under «2.6.2. Tiltak» – nytt kulepunkt: «Tydeliggjøre nynorsk skriftkultur i formidling av norsk skriftkultur i utlandet.»

Beste helsing

Telemark mållag
Sigbjørn Hjelmbrække
leiar